

# Årsmelding

for Skolemuseumslaget i Rogaland 2021.

På grunn av koronasituasjonen blei det ikkje halde årsmøtet for skolemuseumslaget i 2021. I styremøtet 27.05.2021 blei årsmelding og rekneskap for 2020 gjennomgått og godkjent. Styret vedtok at det kunne halde fram også i 2022. Desse er med i styret.

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre - Arne.

Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland.

Årsmelding 2020 og Rekneskap 2020 blei sende 28.05.2021 til dei medlemmene vi har e-postadresse til.

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. Det blei etter kvart mange artiklar i arkivet. Redaksjonsnemnda tok derfor ut 18 artiklar og samla dei i ei digital årbok med tema: *Minne frå barndom og skule*. På heimesida ligg nå 10 skolehistoriske årbøker. Nemnda har planar om ei tilsvarande årbok for 2022. Statistikken viser at heimesida i 2021 hadde 14495 besøk.

Adressa til heimesida er [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Skolemuseumslaget hadde i 2021 113 adresser på medlemslista. Skolane i Stavanger og Sola har vi stroke frå lista. Vi fekk 8 utmeldingar i 2021. Brev om innbetaling av årskontingent for 2022 blei sendt til medlemmene 22.11.2021, 49 brev og 57 e-postsendinger. I des. 2021 sende vi purring til 24 e-postadresser. 47 medlemmer har betalt kontingenten for 2022.

Laget fekk 2021 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Styret har arbeidd med å få e-postadressene til medlemmene.

Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Stavanger 01.03.2022

Sigmund Sunnanå.